



Til elevar, foreldre/føresette og tilsette ved ungdomsskulane i Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2397 - 14/5840

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

12.03.2014

## Politiaksjonen i Nordhordland torsdag 20.februar 2014

I samband med politiaksjonen i Nordhordland, ynskjer rådmannen i Lindås å sende ut informasjon om bakgrunn for aksjonen, kva som skjedde og oppfølging av saka.

Bakgrunn for politiaksjonen var at politiet satt inne med kunnskap om kjøp, sal og bruk av narkotiske stoff i regionen. Politiet var bekymra for omfanget av ungdommar involverte i omsetting og bruk av narkotiske stoff og ungdommane sin alder. Politiaksjonen skulle fange opp ungdommar som anten sel, kjøper eller nytter narkotiske stoff samtidig som den skulle ha ein førebyggjande effekt i høve rekruttering av nye.

Politiaksjonen i Nordhordland vart gjennomført i kommunane Lindås, Meland, Radøy og Austrheim. Politiet aksjonerte ikkje som i Bergen, på skulane. I vår region hadde politiet om lag 30 mistenkte personar. 10 av desse 30 var mistenkte for sal. Den yngste i denne gruppa var 16 år. Det vart gjennomført ei husransaking heime hos alle desse 10, og politiet beslagla mindre kvanta hasj, amfetamin og piller. Dei 20 andre på lista var mistenkte for kjøp og eige bruk. Den yngste i denne gruppa var 14 år. Alle foreldra til dei under 18 år vart kontakta og kalla inn til samtale saman med sonen/dottera. Ungdommar over 18 år vart innkalla til samtale på lensmannskontoret.

Mange av dei 30 ungdommane i Nordhordland fekk påtaleunnlating. Det vil seie at det ikkje skal reisast tiltale mot dei. I nokre samanhengar kan påtaleunnlating gjerast m/ vilkår og med ei prøvetid på til dømes to år. Om den sikta vert teke for nytt lovbrøt i denne perioden, vil han eller ho bli tiltala for det nye og det gamle lovbrøtet. Ein del av ungdommane fekk bøtestraff og nokre vert det teke ut tiltale mot og må møta i retten. Politiet har vidare opplyst at dette er ei prioritert oppgåve og nye aksjonar vil kome.

Alle ungdomsskulane i Lindås har rus og misbruk av rus som ein viktig del av opplæringa på skulen. Temaet er obligatorisk i fleire fag. Alle skulane jobbar førebyggjande generelt og spesielt gjennom ulike program. Her kan nemnast «MOT», «Sterk og klar» og «Ung, blid og rusfri». «Barnevakten» er ein organisasjon som skulane ofte samarbeider med. Elevråd og FAU på skulane er involverte i samband med programma og med å arrangere temamøte for elevar og foreldre. Informasjon og dialog om ansvar og oppfølging er sentrale tema. På ein skule er foreldra blitt einige om inndraging av mobiltelefonar og stenging av heimenettverk kl.23/24. Ungdommane treng å sova!

---

### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I konkrete saker vert det alltid oppretta eit samarbeid mellom skule, heim og eleven sjølv. Både i det førebyggjande arbeidet og i konkrete saker vert samarbeid med andre etatar intensivert. Det gjeld samarbeid med helsesøster, politi og nokre gongar også barnevernet.

Rådmannen i Lindås håper politiaksjonen her ute er med til å intensivera innsatsen mot misbruk av narkotiske stoff. Vårt mål er gode oppvekstvilkår og ei sunn fritid for alle ungdommane våre.

Med helsing

Anne Wergeland  
fagsjef skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Terje Hugo Aarvik  
Leif Bjørnar Hopland  
Sverre Eikanger  
Arne Magnar Kvamme  
Cato Risøy  
Nils Kvalvågnes  
Turid Kirsten Sporsheim Tvedt  
Lena Otterbu Fyllingen  
Katrine Hopland  
Torill Persson Solli  
Ragna Midtbø  
Bente Kronhaug  
Kristin Moe  
Hogne Haugsdal

**Mottakarar:**

Til elevar, foreldre/føresette og  
tilsette ved ungdomsskulane i  
Lindås

Olaf Michal Hella

Henriette Rolland

Arne Johannes Riisnes